

Saksbehandling og tjenesteyting i den kommunale helse- og omsorgstjenesten

Studiet **Saksbehandling og tjenesteyting i den kommunale helse- og omsorgstjenesten** er ei vidareutdanning på bachelor-nivå som gir grunnleggjande saksbehandlarkompetanse i forhold til kommunane si helse- og omsorgsteneste.

Målretta, effektiv og rettsriktig tenesteyting føreset god forvalting og saksbehandling ved tildeling og bortfall av helse- og omsorgstenester.

Målgruppa for studiet er leirarar samt tilsette som har ansvar for saksbehandling og tenesteyting ved tildeling av helse- og omsorgstenester. Også andre som treng grunnkompetanse i helse- og omsorgsjuss vil ha nytte av studiet i sitt arbeid, til dømes tilsette i ulike stillingar innan helse- og omsorg.

Tilbodet er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Omsorgsjuss (tidl. IKKS). Per Gammelsæther i Omsorgsjuss har i ei årrekke arbeidd tett opp mot kommunar si helse- og omsorgsteneste og kan tilføre mykje praksisnær kunnskap i studiet. Dette styrker utdanninga sin relevans for praksisfeltet.



Studieinnhald

Studiet gir oversikt over rettar og plikter innanfor ulike sentrale tema i helse- og omsorgsjussen. Det er eit mål å gi studentane kunnskapar og ferdigheter i å forvalte helse- og omsorgstenestene i kommunane på ein god måte og i tillegg-styrke evna til refleksjon og problemløysing.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse samt 15 studiepoeng i juridiske emne. (t.d. offentlig rett, forvaltningsrett eller som integrert del av utdanning). Søkjarar med annan bakgrunn kan vurderast særskilt.

Det er løpende opptak inntil studiestart. Studieavgift er kr 15000,-. Det er mogleg å søkje støtte til dekking av studieavgift via Kompetanseløftet 2016. Det er kommunen som søker for deg. Merk dykk at fristen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal er 15. april, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1. mai!

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiet har tre samlingar og går over 2 semester, der arbeidsmåtane varierer mellom forelesingar, dialogbasert undervisning, gruppearbeid og seminar. Studentaktivitet er ein sentral arbeidsmåte lagt opp til samarbeid på nett gjennom Fronter. Det er krav om minimum 80 % frammøte til undervisningssamlingane.



To tidlegare studenter seier dette: Ressurssituasjonen og ikkje minst Samhandlingsreformen gir utfordringar som gjer at god juridisk kompetanse er veldig viktig. Folk flest og pårørande har høgare forventingar til vår kunnskap og er meir bevisste på kva dei har krav på og difor må vi kunne meir enn før. Vi er glad for å ha fått auka kompetanse på området og har god bruk for det. Vi nytter pensum mykje i jobben og opplever at vi bruker lovverket breiare enn før, Linda Tryggestad Søvik og Møyfrid Kleppe Bakke, Sykkylven kommune.

Aktuelle yrke og vidare studium

Studiet er retta mot saksbehandlarar og leiarar innanfor dei kommunale helse- og omsorgstenestene som ønskjer styrka forvaltingskompetanse, styrka kunnskap om og ferdigheiter i skjønnsutøving.

Studiet vil gi kompetansegrunnlag for til dømes saksbehandlarstillingar ved kommunale tildelingskontor for helse- og omsorgstenester.

For spørsmål om

opptak:

Studentsørvis, tlf. 70 07 50 18

eller e-post:

sok@hivolda.no

Kontaktperson:

RagnhildKorsbrekke

rak@hivolda.no, tlf 70 07 50 84

For faglege spørsmål:

Margrete Homlong Øyehaug

homlmarg@hivolda.no

tlf.nr. 70 07 51 99/48 12 46 89